



Gunnar Mjelde
Votlavegen 215
5286 HAUS

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/1247 - 23/16241

Saksbehandlar:
Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:
06.07.2023

60/38 Votlo - Reparasjon av skorstein - ferdigattest

Administrativt vedtak. Saknr: 194/23

Tiltakshavar: Gunnar Mjelde
Ansvarleg søkjar: Smart Varme As
Tiltak: reparasjon av skorstein
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Kommunedirektøren sitt vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for reparasjon av skorstein i einebustad på gnr. 60 bnr. 38."

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 23.05.2017 saknr. 142/17.

Det vert elles synt til søknad motteken 03.07.2023.

Skildring

Adresse:	Gnr. 60 bnr. 38.
Bygningstiltak:	reparasjon av skorstein
Bygningsnummer:	175888969

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Skorstein

Kommunen minner om at det for bygning med skorstein må sendast inn opplysningar til feiar om oppført skorstein: skorsteinstype, nytt tverrsnitt (innvendig mål), rehabiliteringsmetode, brannteknisk godkjeningsnummer, tal meter og oppstillingsvilkår, jf. forskrift om brannførebygging (FOR-2015-12-17-1710) §§ 6 og 9.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1247.

Med helsing

Tore Johan Erstad
leiar

Marit Nedreli
fagansvarleg byggjesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Brann og redning v/feiar

Mottakarar:

Gunnar Mjelde
Smart Varme As

Votlavegen 215
Minde allé 4

5286 HAUS
5063 BERGEN